



Hallvard Rød saman med Kjell Einar Thorkildsen tek initiativet til ei nyskaping med sin Bøkkerfestival på Rød laurdag 17. august.

Etter initiativ frå Hallvard Rød og Kjell Einar Thorkildsen vert det skipa til Bøkkerfestival på Rød laurdag 17. august. Arrangementet er ei nyskaping og ikkje eit framhald av Bøkkerveldane som gjekk i over 20 år. Det vert aktivitetar for born på dagtid mellom kl. 13 og 16. Fleire artistar er booka inn på kveldstid

Det vert lagt ut maks 60 billetter som alt no kan tingast ved å ta kontakt med Hallvard Rød på telefon 33302751264 og betalt via VIPPS. Billettprisen er kr. 275,-

Hallvard Rød eig Bøkkerverkstaden på Rød. Han har lenge sysla med tankane om ein Bøkkerfestival. Når det vart slutt på Bøkkerveldane med jazz og lubbesild, er han klar for ei nyskaping, eit arrangement Hallvard vonar skal bli årviss.

Desse artistane er alt booka:

- Renate Haugs - frå Valen, country
- Åsmund Nesse - visesongar frå Bømlo. Skriv tekstar og melodiar frå det melodiske til det meir spontane og friske
- Jarle Zimmermann - musikar frå Bergen, tidlegare medlem i Flying Norwegians og Elektrisk Regn

Alle har gitt ut plater og ligg ute på Spotify.

Otto Ersland og Jane Junger vert med med si framføring om Bedehusland - søte salige, om bedehusa i Sunnhordland og søte kaker. Dei har skrive bok om dette tema. Boka vert å få kjøpt på festivalen.

Det vert ambulerande sjenkeløyve og sal av grillmat.

Meir informasjon om artistane med bilete kjem i eigne innlegg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal